

Følgjande reglement for godtgjersle for kommunale tillitsvern gjeldande frå 1. januar 2012:

1. Fast årleg godtgjersle (i tillegg til møtegodtgjersle):

Medlemer i formannskapet	kr 20.000
Medlemer i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 14.000
Leiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 20.000
Nestleiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 16.000
Leiar i kontrollutvalet, eldrerådet, byggenemnder, overformynderi, råd for menneske med nedsett funksjonsevne	kr 7.000

Fråvær frå meir enn 25 % av møta fører til høvesvis reduksjon.
Vararepresentant som har meir enn 25 % frammøte, får utbetalt høvesvis del av fast årleg godtgjersle.
2. Leiarar av andre råd/utval, samt fungerande leiar ved forfall, jf. pkt.1 (pr. møte) kr 1.200
3. Møtegodtgjersle (pr. møte) kr 600

Det vert berre utbetalt ei møtegodtgjersle der fleire møte er lagt etter kvarandre på same dag.
4. Eventuelt vederlag for tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg til ovannemnde godtgjersler.
Høgaste kronesum som kan ytast for ulegitimerte tap, vert sett til kr 1000,- pr. dag dersom møta er lagt til eit tidspunkt slik at vedkomande må ta fri frå det ordinære arbeid for å utøva vervet. For legitimerede tap og utgifter kan det betalast ut inntil kr 3000,- pr. dag. For sjølvstendig næringsdrivande kan det betalast ut inntil kr 3600,- når tapet er dokumentert med oppgåve frå firma.
5. Når det gjeld skyss, kost og overnatting i samband med reiser, vert det godtgjort etter det kommunale reiseregulativet.
6. Det vert gjeve refusjon for nødvendige utgifter til barnepass.
7. Formannskapet får fullmakt til å ta avgjerd i tolkingsspørsmål som gjeld dette reglementet.